



ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET 2012

Godkjend av årsmøtet 21.3.2013

ÅRSMØTET I 2012

Årsmøtet vart halde 10.5.2012 hjå Tysse Mek Verksted AS. Hovudtema var: "eFaktura Bedrift – B2B – ikkje "om", men "når"? ved regionbanksjef Margunn Bjørnstad og senior rådgiver Rune Svenda, Sparebanken Vest, Bedriftsmarked Nordhordland. Me fekk og orientering om og omvising hjå Tysse Mek Verksted AS ved Lars Magne Bysheim og Asle Nilssen med fokus på det nye, store knekkesenteret som nyleg var teke i bruk.

MEDLEMSMØTE

23.1.2013 hadde me medlemsmøte med tele som hovudtema.

Frå **Telenor** stilte m.a. nasjonal **dekningsdirektør Bjørn Amundsen**.

Ventelo som Industrilaget har avtale med, orientere om kva tilbod som ligg inne i avtalen og orientere elles om nye tilbod og løysingar dei vil tilrå.

Lars Mjøs presenterer kort **den spesialdesigna praktbokai** storformat og hardcover:

"Ein våg me ikkje har visst um": Ein fotohyllest til menneske og arbeid – lær, ull og trikotasje ved Osterfjorden. Utgitt av Anna-Lisa Johannessen og Håvard Holmaas i Of & With AS.

Formannen tok opp aktuelle saker og hadde ein gjennomgang av Osterøy- og Nordhordlands-resultata frå ei **landsomfattande næringspolitisk kartlegging**. Me deltok i kartlegginga gjennom Næringsalliansen.

STYREMØTE

Styret har hatt 3 møte 10.5., 18.9. og 6.11.2012 og har handsama 27 saker i kalenderåret 2012.

Eimund Øvsthus vart i det første styremøtet attvald som nestformann.

SAKER

I 2012 arbeidde Hordaland fylkeskommune med ein **skolebruksplan for dei vidaregåande skulane**. Styret gjorde innspel til forarbeidet med planen, m.a. med fokus på Kompetansesenteret og arbeidet med landsline for CNC og robot ved Osterøy vidaregåande skule. Planframlegget innebar styrking av teknikk og industriell produksjon, men den serskilde kompetansen innan CNC og robot var ikkje nemnd. Planframlegget gjekk ut på svekking av skulen både i tal elevar og breidda i tilbodet som m.a. ville ført til ytterlegare kjønsubalanse (i 2012 var det 60% gutar). Styret gav klare innspel i høyringsrunden og har arbeidd for skulen på anna vis, også m.o.t. tilbodet for skuleåret hausten 2013. Leif Tore Solberg fekk til eit møte med leiaren i opplæringsutvalet. Fylkesrådmannen sin endelege innstilling var svært positiv for skulen. Og innstillinga frå fylkesutvalet 20.2.2013 var like positiv: "Osterøy vgs vert vidareført, med fagtilbod og dimensjonering som vist i tabell i saksutgreiinga. Dette inneber at utdanningsprogramma design og handverk (DH), elektrofag (EL), helse- og oppvekstfag (HO), teknikk og industriell produksjon (TIP), studiespesialiserande (ST) og TO-tilbodet ved skulen vert vidareført." Fylkestinget gjer endeleg vedtak 12.3.2013.

M.a. i samband med uttale til skolebruksplanen har styret argumentert for **ekspressbussruter mellom Arna stasjon og Lonevåg**. I samband med m.a. spørsmål om elektrifisering av ferja Valestrand-Breistein har Samferdselsavdelinga utarbeidd eit konsept for bussruter på Osterøy basert på slik ekspressrute.

Leiar i rådet for Kompetansesenteret for CNC og robot, Leif Tore Solberg, fekk 23.5 og 2.10.2012 til møte med fylkesrådmann Paul M Nilsen. Møta har resultert i at **Kompetansesenteret for CNC og robot** i 3 år vil få eit tilskott på 0,5 mill kr pr år til **ekstra instruktørstilling**. Dette føreset ein formell søknad til Opplæringsavdelinga si ordning for samarbeid skule-næringsliv og at ein kan bidra med 0,3 mill kr pr år lokalt. Som "lokale" midlar vil det m.a. bli nytta midlar etter Osterøy Utvikling.

Den 28.1.2013 fekk representantar for rådet for Kompetansesenteret for CNC og robot møte det **nasjonale fagrådet for Teknikk og industriell produksjon**. Det vart gjort innspel om å styrkje CNC og ta inn robot i fleire læreplanar og fagrådet vart oppmoda om å støtte fylkesutvalet sitt initiativ om landsline innan CNC og robot. Det siste ville ikkje fagrådet ta stilling til.

Den 29.6.2012 sende styret uttale til framlegget til **Regional transportplan Hordaland 2013-2024**. Me peikte på realisering av ny veg gjennom Vesetgjelet tidlegare enn "etter 2017", ønskje om ekspressbussrute Arna-Lonevåg og støtta framlegget om finansiering av vegomlegging i Hosanger som "strekningsvis prosjekt".

Framlegget om at omlegging av vegen gjennom **Hosanger sentrum** vert finansiert som ei ordinær fylkesvegsløyving, ser no ut til å vere på plass. Formannen følgjer opp saka. Det har vore forseinkingar m.a. i samband med grunnprøvar/djupare myr enn først rekna med. Planen er oppstart i 2013.

Laget har støtta opp om etableringa av **eit større næringsområde på Espevoll** på ca 550 da, www.espevoll.no. Områdereguleringsplanen for Espevoll Næringsområde vart samrøystes godkjend i heradsstyret 3.10.12. For å kunne realisere ei utbygging må det først fram vatn og avlaup til området. Dette vert no ei viktig oppgave for laget å følgje opp. Sjølv om utbygging av næringsområdet kan starte opp før vegen gjennom Vesetgjelet er utbetra, er det viktig å kome i gang med dette arbeidet. Osterøy kommune arbeider med ein reguleringsplan og styret følgjer opp både planprosessen og arbeid for finansiering av prosjektet.

Osterøy kommune vedtok 11.4.12 reguleringsplan for **Raudberget industriområde for Tysse Mek Verksted AS**.

Etter mange omregulerings- og klagerundar stadfesta Fylkesmannen i februar 2013 reguleringsendring for **Oksadrepet på Hauge** slik at **BIR** kan etablere ein stor og moderne **gjenbruksstasjon** her. Bygdnytt har hatt stort fokus på klagarane sine innspel; Fylkesmannen sin endelege avvising av klagene, fekk berre ein liten notis.

I februar 2013 har Osterøy Entreprenør AS starta fysisk arbeid i **det nye næringsområdet Gloppemyra på Hauge**.

Det er no mykje som talar for at **Arnatunnelen** ikkje vert realisert med direkte samband til Nygårdstangen. Styret følgjer opp saka for å få eit betre samband mellom Arna og sentrale delar av Bergen og Bergen vest.

Eit fellesmøte 31.10.2012 mellom formannskapa i **Osterfjordkommunane** gjekk inn for å redusere tidlegare samarbeidsambisjonar og å konsentrere samarbeidet om **bygdeutvikling og næringsutvikling**. Dermed vil Osterfjord Nærings samarbeid og næringsfondet som får næringsutviklingsmidlar frå fylkeskommunen, halde fram. Industrikonsulenten er ein aktiv part i dette samarbeidet.

Samarbeidsutvalet for Osterfjordregionen/ Høgskolen i Bergen har initiert fleire samarbeidsaktivitetar, m.a. bedriftsbesøk og forskning ved Osterøy vidaregåande skule om korleis TIP-elevar gjer sine val.

Osterøy Industrilag er saman med Nordhordland Handverk og Industrilag, Kompetansesenteret for CNC og robot, Opplæringskontoret for Nordhordland og dei vidaregåande skulane i Nordhordland tilskipar av **CNC-konkurransar**. Suveren vinnar av konkurransen i april 2012 vart Morten Lone Kallekleiv frå VG2 Industriteknologi på Osterøy vidaregåande skule. I mai var det ein tilsvarande **industri-mekanikkonkurranse** der Joakim Rød frå Osterøy vgs. kom på andre plass. 50 elevar frå dei vidaregåande skulane på Osterøy og Austrheim var sist i august 2012 samla til felles **gründercamp**, som ein kickstart på vidare ideutvikling i **ungdomsbedrifter**. 3 dommarar var rekrutterte mellom Industrilaget sine medlemmer.

Hausten 2012 fornya Industrilaget **teleavtalen med Ventelo** (og Broadnet på breiband) for 2 år etter ein anbodskonkurranse. Ventelo nyttar Telenor sitt mobilnett. Me har fått mange klagar på dårleg dekning og ustabilitet i **Telenor sitt**

mobilnett. Me har arbeidd aktivt for å få ei betring, m.a. i samspel med Ventelo. Etter medlemsmøtet i januar 2013 og invitasjon frå Teleonor sin nasjonale dekningsdirektør, har styret sendt Telenor og Osterøy kommune eit innspel på 5 område der det er trong for betre dekning. Dette er dokumentert på kart og med omtale av våre medlemmer og andre brukarar.

Sigbjørn Reigstad i Lonevåg Beslagfabrikk AS driftar **industrilags-nettverket mellom folk på Osterøy med personalansvar.**

7.3.2012 var det møte på Tysse Mek Verksted AS. Hovudtema var sjukefråver og oppfølging med Siren Kvamme fra HMS Gruppen som innleiar. Eit møte 24.4.2012 ved Gunnebo Anja Industrier AS hadde fokus på lønsoppgjer. På eit møte 27.9.2012 hjå Helgesen Tekniske Bygg AS var helsefremjande arbeidsplass tema med Venke Ljosand frå HMS-gruppen som innleiar.

Den 9.1.2013 deltok formannen, sekretæren og koordinatoren for personalnettverket på eit møte etter initiativ frå Osterøy vaksenopplæring om **norskopplæring for arbeidsinnvandrarar.**

Den 13.3.2014 er det **50 år sidan Osterøy Industrilag vart skipa** på Fitje. Styret førebur utarbeiding av eit hefte om Osterøy Industrilag gjennom 50 år og planlegg ein fest; truleg fredag 14.3.2014.

Osterøy Industrilag er aktiv deltakar i "**Næringsalliansen**", ei interessegruppe for næringsforeiningar i Bergen og eit nokså vidt omland. Formannen er aktiv medlem i arbeidsutvalet for Næringsalliansen, også attvald for 2012. Samferdsle og kompetanse har hovudfokus.

Osterøy Industrilag er medlem i **Bergen Næringsråd.**

På **heimesida** www.osteroyindustrilag.no, legg me ut nyhende og anna aktuell informasjon.

E-post er viktig kanal for informasjon og kontakt med medlemmene; ca 15 fellesmeldingar til medlemmene i perioden.

Osterøy kommune er fullverdig medlem i **Regionrådet for Nordhordland** og er medeigar i **Business Region Bergen AS** gjennom Nordhordland.

Utmelde: Sigma Revisjon AS og Idefix Vigdis Hellevang. Bergen Container og Trailer Transport AS (seld til Bring Linehaul AS), Johs

Hundhammer AS og Hjelle Tøsse Bakeri AS går ut grunna manglande betaling av medlemspengar.

Industrilaget har 35 **medlemsverksemdar** med ca 850 **tilsette.**

TILLITSFOLK

Styret:

Formann Lars Magne Bysheim, på val
Nestformann Eimund Øvsthus, ikkje på val
Tor Georg Hella, ikkje på val
Kjell Lerøy, på val
Ivar Solberg, på val

Varamedlemmer:

Johan Solberg, på val
Rolf Hagebø, på val
Eileen Aasheim, på val

Turnemnd: Johan Solberg og Rolf Hagebø, begge på val

Styringsutvalet for Industrikonsulent:

Sigbjørn Reigstad med Willy Helgesen som personleg vara, ikkje på val
Svein Skulstad med Jostein Jacobsen som personleg varamedlem, på val
Ordføraren i Osterøy; Kari Foseid Aakre

Revisor. Norodd Helle, på val.

Valnemnd, alle på val: Vigdis Hellevang, Arnbjørn Vevle og Asle Nilssen.

INDUSTRIKONSULENT- VERKSEMDA

Industrilaget er arbeidsgjevar for Industri-konsulenten på Osterøy, sjå eiga årsmelding/rekneskap. Industrikonsulenten er sekretær for Industrilaget for kr 40.000 pr år.

Kommunen løyver årleg 150.000 kr til denne verksemda. Denne løyvinga er og med i kommunen sitt langtidsbudsjett.

Industrikonsulenten deltek i Osterfjord Næringsamarbeid som har avtale med Fylkeskommunen om næringsutviklingsarbeid og mottok 240.000 kr for dette i 2012. I 2012 fekk Osterfjordregionen også til rådvelde via fylkeskommunen 880.000 kr til Regionalt næringsfond for Osterfjord. Industrikonsulenten har hatt sekretariatsfunksjonen for Osterfjord Næringsamarbeid 2005-2012. Industrikonsulenten fekk i 2012 ei godtgjersle frå Osterfjord Næringsamarbeid på kr 35.000 for næringsutviklingsarbeid og kr 70.000 for sekretariatsfunksjonen.